

ungDisippel

Midt-Norge



UngDisippel er eit treårig disippeltreningsprogram som består av trinna Ung: Konfirmant, Ung: Etterfølger og Ung: Leder. I løpet av eit år møtes ein to gonger på leir, der ein kombinerer solid bibelundervisning, inspirerende møter, aktivitetar, åleinetid, smågrupper og godt fellesskap. Både Ung: Konfirmant, Etterfølger og Leder er på leir saman, men ein deler dei opp i trinna når det er undervisning.

Utarbeida av: Joachim Hodne, Øyvind Rott, Kristine Oklevik og Irene Straumstein

Godkjent av: Alte Ølstørn, Johan Jensen og Sigfred Kiplesund (Det regionale tilsynsrådet)

Vedtatt av: Sigfred Kiplesund (Regionleiar) og Irene Straumstein (Ungleiar)

Innhold

1. Innleiing	1
2 Historisk bakgrunn for ungDisippel	2
3 Deltakarar og leiarar på ungDisippel	3
3 Visjon.....	4
4 Evaluering	5
4.1 Evaluering frå deltakarane	5
4.2 Evaluering internt med leiar etter undervisning	5
4.3 Evaluering med leiarteamet.....	6
5 Faste element i ungDisippel	7
5.1 Åleinetid	7
5.2 Smågrupper	7
5.3 Bibelleseplan	8
6 Undervisningsopplegg og kompetansemål	9
6.1 ungKonfirmant	10
Leir 1:	10
Leir 2:	12
6.2 ungEtterfølger	14
Leir 1:	14
Leir 2:	16
6.3 ungLeder	19
Leir 1:	20
Leir 2:	23
7 Kursbevis og vurdering:	26
8 Årshjul	27
9 Program.....	28
10 Til slutt	29
11 Vedlegg.....	30
1 Leiarrekrutteringsbrev	30
2 Deltakarevaluering	31
3 Leiarevaluering	32

1. Innleiing

ungDisippel er eit treårig undervisningsopplegg, med eit år konfirmasjonsundervisning, eit år med disippelgjerding og eit tredje år med leiartrening. Opplegget vert gjennomført i fleire av Misjonssambandet sine regionar, og på grunn av mangfaldet i organisasjonen, ser arbeidet litt ulikt ut i dei ulike regionane.

Felles for ungDisippel, uansett region, er ynskje om å tilby ungdom eit solid opplæringstilbod som er grunnfesta i luthersk teologi og Misjonssambandet sin føremålsparagraf, samstundes som me tilbyr deltakarane ein sunn og god arena for å møte andre kristne. Opplegget vert i Midt-Norge gjennomført gjennom to leirhelger/samlingar per skuleår. Me ynskjer at ungDisippel skal kunne vera eit tilleggstilbod for dei som ynskjer, så vel som eit fullverdig opplegg for ungdom som konfirmerer seg i Misjonssambandet.

Læreplanen for ungDisippel tek høgde for at dei ulike regionane gjennomfører opplegget slik dei ser det hensiktsmessig. Sidan førre revidering har dei fleste regionane innført ungDisippel, noko som gjev behov for ei generell tilpassing og forenkling av læreplanen. Læreplanen til Midt-Norge er og noko annleis enn hjå dei andre regionane grunna at me er i oppstartsfasen. Dette dokumentet skildrar difor berre grunntanken med gjennomføringa av ungDisippel og må ikkje fylgjast til punkt og prikke. Den kan gjerne endrast, tilpassast og vurderast ut frå behov, og vil verta oppdatert med jamne mellomrom når ein ser det hensiktsmessig.

2 Historisk bakgrunn for ungDisippel

Oslo og Drammen krets hadde tidleg på 2000-tallet eit leiartreningsprogram som var kalla LIS og vart drive av Jarleif Gaustad. Dette fungerte i nokon år, men vart avslutta etter ei tid. I Region Øst starta konfirmasjonsopplegget opp att hausten 2013, men då med Georg Stensland og Andreas Myklebust som utforma læreplanen. Opplegget hadde 60 timar undervisning fordelt på fire helger.

Skuleåret 2014/2015 fortsette konfirmasjonsopplegget med eit noko redusert tal undervisningstimar, og januar 2014 starta arbeidet med det som seinare vart ungLeder. Ingebjørg Hauge, Runar Lyseng og Jostein Haugen skreiv utkastet til den fyrste læreplanen som vart godkjent av Sven Arne Lundebø og Jarleif Gaustad same haust.

Våren 2015 byrja konfirmasjonsopplegget og ungLeder å ha fellessamlingar. Samstundes opplevde leiarane for ungLeder at deltakarane fyrst burde få disippeltrening. Dette leidde til oppstarten av det som no er ungEtterfølger, og frå hausten 2015 har ungDisippel vore komplett med tre årskull.

Sidan har fleire regionar innført sin eigen variant av opplegget. Region Vest var først ut, vidare byrja Region Nord med ungKonfirmant i 2022, og fyrste kull som har gått alle tre åra, har akkurat avslutta. Region Midt-Norge startar ungDisippel hausten 2025, med dei to fyrste trinna. Me gler oss over at opplegget no samlar rundt 120 ungdom på landsbasis kvart einaste skuleår.

3 Deltakarar og leiarar på ungDisippel

ungKonfirmant:

Ein kan byrje på ungKonfirmant den hausten ein byrjar i 8.klasse. ungKonfirmant kan vera eit fullverdig konfirmasjonsopplegg eller eit supplement til ordinær konfirmasjonsundervisning. Me vil oppfordre konfirmantar til å vera ein del av sitt lokale konfirmantfellesskap i tillegg, ettersom det gjev høve for tettare oppfølging og relasjonsbygging lokalt.

ungEtterfølger:

Her kan ein byrje etter at ein har gjennomført ungKonfirmant eller anna konfirmasjonsopplegg. Deltakaren vil då gå i 9.klasse eller høgare. Ta kontakt med regionkontoret/Ungleiar dersom du ikkje har fullført noko konfirmantopplegg, men likevel vil vera med.

Leiarar:

ungDisippel bygger på både tilsettressursar og frivillige ressursar. Dei tilsette har hovudvekt av ansvaret og utgjer hovudleiarteamet (HLT). Hovudleiarteamet består av ein leiar som har hovudansvaret for ungDisippel, saman med to trinnleiarar som har ansvar for kvart sitt trinn. Trinnleiarane har hovudansvar for innhaldet og gjennomføringa av sine trinn, men hjelp og til med fellesoppgåver, smågruppeopplegg, rekruttering, diverse program og liknande.

På kvart trinn har me og frivillige leiarar. Det er viktig med eit breitt spekter av frivillige leiarar med ulike eigenskapar, naturtalent, nådegåver og yrker. Det er ynskjeleg å ha minst ein teolog og ein med pedagogisk kompetanse med som leiar på ungDisippel slik at desse kan vera ressursar for andre i gruppa. Det er utarbeida retningslinjer for kva me ser etter når me rekrutterer frivillige leiarar. Desse er tilgjengeleg som vedlegg.

3 Visjon

ungDisippel sin visjon er:

«Vi vil se ungdommer forvandlet og disippelgjort ved Guds ord!»

Med dette meiner me:

- Ungdommane skal få god opplæring i Guds ord og få gode kristne førebilete
- Me ynskjer at ungdommane skal få ta imot Jesus som sin Herre og Frelsar
- Undervisninga skal vera relevant for kvardagen og rotfesta i Bibelen
- Ungdommane skal få vera ein del av ein trygg kristen fellesskap
- Ungdommane er framtida og me ynskjer å utruste dei, samt skape Kristus-sentrerte leiarar som kan vera ein ressurs for dei fellesskapa dei er ein del av.

Ut frå visjonen er det utarbeida tema for dei tre åra på ungDisippel

1. **ungKonfirmant:** «Bli kjend med Jesus»
2. **ungEtterfølger:** «Bli meir lik Jesus»
3. **ungLeder:** «Led som Jesus»

Gjennom tre år med bibelopplæring, disippelgjering og leiarutvikling meiner me at ungdommane har gode føresetnader for eit liv i etterfylgning og lydighet til Jesus Kristus.

4 Evaluering

For å sikre at me treff ungdommane og at leirane våre skal vera best mogeleg, har me ei evaluering med både deltakarane og leiarane etter kvar leirhelg.

4.1 Evaluering frå deltakarane

Me ynskjer at deltakarane skal få seie sine meiningar om kva ved leiren, undervisninga, aktivitetane og likande som har vore bra og mindre bra. Deltakarane sine meiningar er verdifulle for å utvikle leiren og konseptet slik at det best mogeleg vert tilrettelagd for dei det er meint for.

4.2 Evaluering internt med leiar etter undervisning

Dette gjeld primært etter at ein leiar har hatt ei undervisningsøkt. Me ynskjer at alle leiarane skal få utvikle seg som undervisarar, og verta medvitne på kva som var bra og kva som ev. kunne vore gjort annleis etter ei undervisningsøkt. Difor ynskjer me å leggje til rette for at leiarane er med på kvarandre sine undervisningsøktar og kan vurdere kvarandre i etterkant. Me ynskjer at dette skal skje i ordna former og har difor utarbeida ein plan for dette.

Rammer:

- a) Frivillig praksis, likevel sterkt anbefalt, særskild fyrste gong ein person skal undervise
- b) Avtale på førehand kven som skal gje tilbakemelding på kva for ei undervisningsøkt.
- c) Underviser skal motta tilbakemeldinga på ynskja tidspunkt
- d) Når ein undervisar stiller seg villig til å få tilbakemelding, skal ein vera ærleg i tilbakemeldinga

Kva ynskjer ein å fokusere på i tilbakemeldinga:

- a) Innhald i undervisning
- b) Relevans for tilhøyrar
- c) Kommunikasjon/formidling
- d) Rammer:
 - a. Tidsbruk
 - b. Verkemiddel
 - c. Involvering av tilhøyrar

Det er svært viktig at evalueringa er meint som utvikling for undervisaren, om ikkje ynskjer me ikkje at tilbakemeldinga skal verta gitt.

4.3 Evaluering med leiarteamet

Evaluering saman med leiarane skjer direkte etter at leiren er slutt. Då reduserer ein tidsbruken for leiarane mellom leirane og får snakka gjennom leiren kort tid etter gjennomføring.

Evaluering for leiarar og deltakarar ligg som vedlegg nedst i dokumentet.

5 Faste element i ungDisippel

5.1 Åleinetid

Laurdag og sundag morgon har me åleinetid for både leiarar og deltakarar på U:D. Dette er ei tid som ein skal bruke i dialog med Gud, gjennom bøn og Bibel. Me ynskjer at deltakarane skal få kome direkte til kjelda, og få møte Gud gjennom eiga bibellesing og bøn. Me ynskjer å introdusere dei for åleinetid på leir, slik at dei kan ta dette med seg heim og fortsette i kvardagen.

Det vert sett av 30 min til dette i programmet per dag, og ein får utlevert eit åleinetidsopplegg som ein kan ta utgangspunkt i. Dette vil sjå omtrent slik ut:

- a) Deltakarane vert oppfordra til å finne ein stille stad for seg sjølv
- b) Kort bøn om at Gud må vera med i åleinetida
- c) Lese ein oppsett bibeltekst
- d) Tenke over nokon spørsmål knytt til teksten
- e) Avslutte med bøn

Me har eit sterkt ynskje om å knytte åleinetid, smågrupper og bibelleseplan tett saman. Difor vil ein etter åleinetida delast inn i smågrupper.

5.2 Smågrupper

Alle deltakarane deltek i ei smågruppe, der dei er inndelt etter kva trinn dei går på. Det er egne gute- og jentegrupper, med ein leiar av same kjønn på kvar gruppe. Gruppene består av rundt 6-8 deltakarar. Me har eit ynskje om at smågruppene skal vera faste gjennom dei tre åra ein kan gå på ungDisippel. Slik håpar me at deltakarane vert trygge på kvarandre og kan dele tru og liv i ein slik setting.

I smågruppene byrjar leiar med ei bøn for gruppa og samlinga. Deretter kan leiar fint spørje om korleis deltakarane har det på leir, og om det er noko dei lurar på ut frå andaktar/undervisning/kvardag. Om ikkje deltakarane har noko spesielt dei vil diskutere, tek ein utgangspunkt i åleinetidsarket. Då les ein bibelteksten ilag, og diskuterer spørsmåla som dei har tenkt på sjølve på førehand. Til slutt kan ein gjerne spørje om bønemner og be ilag i gruppa. Dette kan gjerast på ulikt vis, men ein fin måte er å la det gå i ein ring slik at alle får høve til å be om dei ynskjer. Ein kan då anten halde hender og trykke den neste si hand når ein er ferdig, eller til dømes sei «Amen» når ein er ferdig.

5.3 Bibelleseplan

Me ynskjer at deltakarane skal bruke tid i Bibelen, difor lagar me bibelleseplanar som går gjennom heile året. Me håpar dette kan vera ei god hjelp til å prioritere bibellesing og bøn sjølv når ein ikkje er på leir.

6 Undervisningsopplegg og kompetansemål

Under følger læreplanen for ungKonfirmant, ungEtterfølger og ungLeder. Læreplanen er utforma slik at ein bolk er 45 min og har eit tema. Nokon gonger kan temaet gå over fleire bolkar. Kvart tema har og nokon mål som sett fokus på kva me ynskjer skal verta formidla gjennom å ta opp dei ulike temaa. For å gjera det lettare for undervisarane å førebu opplegg knytt til måla, har me og lista opp forslag til ulike bibeltekstar og nettressursar ein kan ta i bruk. Desse bibeltekstane og nettressursane er meint som ei hjelp og treng difor ikkje brukast om ein ikkje ynskjer. Kompetansemåla/skildringa på dei ulike temaa ofte breie og undervisar kan med fordel spisse inn tema etter eige ynskje.

Det er ynskjeleg at undervisninga er variert for å treffe flest mogeleg av deltakarane- Gjerne ei blanding av førelesing, diskusjon, ulike oppgåver/aktivitetar og liknande. Undervisarane på dei ulike trinna kan med fordel snakke saman i forkant av leiren for å sørge for at undervisninga er mest mogeleg variert, og kome med innspel til mogelege aktivitetar/oppgåver som kan passe til dei aktuelle temaa.

6.1 ungKonfirmant

ungKonfirmant er Misjonssambandet Midt-Norge sitt konfirmasjonsopplegg. Det kan vera både et primære konfirmasjonsopplegget, eller eit supplerande opplegg til det ein har lokalt i Misjonssambandet eller andre organisasjonar om ein ikkje ynskjer konfirmasjon i Misjonssambandet. Me vil oppfordre konfirmantar til å vera ein del av sitt lokale konfirmantfelleskap i tillegg ettersom det gjev høve for tettare oppfølging og relasjonsbygging lokalt.

På ungKonfirmant ynskjer me at deltakarane skal få verta betre kjende med Jesus. Det er eit år der ein dukkar djupt ned i Bibelen og forsøker å formidle dei store linjene i Bibelen. Me ynskjer at deltakarane skal få ei god og bibelnær trusopplæring. Temaet for dette året er «Bli kjent med Jesus».

Som nemnt tidlegare er dei ulike bibelversa og ressursane kunn ei hjelp om ein ynskjer ei retning for arbeidet med dei ulike temaa. Måla er breie og ein må gjerne spisse dei, ev. kutte ut noko om tida vert for knapp. Det er betre at deltakarane får med seg noko, enn at ein skal skunde seg gjennom måla.

Leir 1:

	Tema	Skildring/mål	Mogelege bibelvers/ressursar
Bolk 1	Urhistoria	Gje deltakarane ei kort innføring i korleis verdshistoria starta; skaping, syndefall, syndeflaum, Babels tårn. Mange har nok høyrte historiene før, men fokuser gjerne på å sjå dei i samanheng. Guds frelsesplan er iverksett: protoevangeliet /det fyrste evangeliet (1.Mos 3, 15)	1. Mos 1:1-11:9
Bolk 2	Treeinig Gud	Treeinigheita er ein kompleks del av trua vår. Sjølv om ein ikkje kan forstå den i sin heilskap er det viktig å presentere deltakarane for nokon kjernesanningar om vår treeinige Gud.	1.Mos 1:26 Truvedkjenninga og ev. Luther si forklaring Enheten mellom dei tre: Joh 1:18

		Kva kan me veta om Gud? Kva betyr det at Gud er treeinig? Korleis fungerer det og kva tyder det for oss?	Joh 14, 9-20 Mange tekstar om dei tre personane i det eine vesenet Gud Nyttig artikkel: https://www.foross.no/hva-tror-vi/den-treenige-gud
Bolk 3	Treeinig Gud	Treeinigheita er ein kompleks del av trua vår. Sjølv om ein ikkje kan forstå den i sin heilskap er det viktig å presentere deltakarane for nokon kjernesanningar om vår treeinige Gud. Kva kan me veta om Gud? Kva betyr det at Gud er treeinig? Korleis fungerer det og kva tyder det for oss?	1.Mos 1:26 Truvedkjenninga og ev. Luther si forklaring Enheten mellom dei tre: Joh 1:18 Joh 14, 9-20 Mange tekstar om dei tre personane i det eine vesenet Gud Nyttig artikkel: https://www.foross.no/hva-tror-vi/den-treenige-gud
Bolk 4	Jesu fødsel og verke	Utan Jesus hadde me ikkje hatt noko grunnlag å bygge trua vår på. Denne timen skal deltakarane få bli kjent med Jesus, gjennom det Bibelen seier om hans liv og verke. Kva er inkarnasjon? Kva gjorde Jesus medan han levde? Korleis møtte Jesus menneske?	Inkarnasjon: Joh 1:1-18 Jesu liv og virke: Luk 4:16-21 Joh 11:1-57
Bolk 5	Jesu død og oppstode	Jesu død og oppstode er noko av kjerna i evangeliet. Jesus døyddde for alle, og me er inviterte til å ta imot frelsa. Påska som naudsynt del av Guds frelsesplan	Tekstane for dei ulike dagane i påska Rom 5:12-21 2.Kor 5:17-21

Bolk 6	Personleg trusliv	I Mark 6:31 seier Jesus til apostlane: «Kom med til ein øydestad der me kan vera for oss sjølve, og kvil dykk litt». Ein slik invitasjon gjev Jesus oss i dag og. Det kan vera vanskeleg å setje av tid til Bibel, bøn og stillheit. Difor vil me prøve å gje deltakarane hjelp til å prioritere personleg trusliv i kvardagen, samt korleis det kan sjå ut. Kvifor er det viktig? Korleis bruke Bibel og bøn?	Mark 1:35 Luk 5:16 Matt 14:23 Matt 4:4
--------	-------------------	---	---

Leir 2:

	Tema	Skildring/mål	Mogelege bibelvers/ressursar
Bolk 1	Rettferdiggjerung og heilagggjering	Denne timen ynskjer me å ha fokus på det å leve som kristen. Rettferdiggjerung og heilagggjering er omgrep som hjelp ein å forstå forskjellen på å bli kristen og å leva som kristen.	1.Kor 1:30 Rom 5:1, 3:23-24 Ef 2:8-10 Gal 5
Bolk 2	Etikk: dei ti bod	Boda frå GT kan vera formulert på ein måte som kan verke fjernt for oss i dag. Snakk med deltakarane om kva kvart bod inneheld, og kva dei har å seie for oss i dag. Kvifor står dei i Bibelen og kvifor treng me dei framleis?	2.Mos 20
Bolk 3	Etikk: dei ti bod, 6.bod	I denne timen ynskjer me eit særleg fokus på det 6.bodet. Verda presenterer eit ukritisk syn på seksualitet med dårleg seksualmoral og fri flyt av porno og pride. Denne timen skal deltakarane få bli kjent med eit kristent syn på seksualitet og me ynskjer å vise Guds <u>gode</u> gåver, skaparordningar og rammer.	2.Mos 20 Matt 5:27-30 Her er det mogeleg å leggje opp til samtalebasert undervisning.
Bolk 4	Kyrkje/menigheit/forsamling	I Bibelen vert det kristne fellesskapet framheva som viktig. I denne bolken vil me seie litt om kva ei kyrkje/forsamling er, kvifor det kristne	Apg 2:42 Ef 2:19-22 Heb 10:23-25

		fellesskapet er viktig, samt litt om skilnadar og likskapar mellom ulike kyrkjesamfunn.	
Bolk 5	Sakramenta	Misjonssambandet er ein luthersk organisasjon og lutherske kyrkjer har to sakrament. Kva er dåp og nattverd og kvifor praktiserer me desse? Kvifor er dei viktige for livet som kristen?	Matt 28:19 Rom 6:1-11 1.Kor 11:17-28
Bolk 6	Misjon	Misjonssambandet er ein misjonsorganisasjon og byggjer på eit ynskje om å spreie evangeliet. Denne timen vil deltakarane få ei innføring i misjon og kvifor det er viktig. Gjerne ha ein praktisk innfallsvinkel. T.d. vise misjonsvideo eller besøk av tidlegare misjonær	Matt 28:18-20 Rom 10:13-15 Mogeleg misjonsillustrasjon i 2.Kong 7 (Særleg v.9: «Dette er dagen for gode nyheter» Kven er det som verker i misjonsgjeringa? Jer 1, 7-8 2.Mos 3, 11-14 2.Mos 4, 10-12 Joh 15, 4-5

6.2 ungEtterfølger

Gjennom eit år på ungEtterfølger ynskjer me at kunnskapen ein har frå før eller gjennom ungKonfirmant skal gå frå hovud til hjarta. Det er òg eit frittstående opplegg for ungdom som ynskjer å læra meir om trua si. Ynskje med året er å gje deltakarane ei utrustning til å leve som kristne, i ei verd der religion har blitt ein privatsak mange ser ned på.

Me ynskjer at ungEtterfølger skal få vera eit år som disippelgjer, gjer deltakarane merksame på den levande Jesus og peikar på Jesus som ynskjer å prega heile livet til deltakarane. Temaet for dette året er difor: «Bli meir lik Jesus», kor me utforskar korleis kristenlivet kan sjå ut og forhåpentlegvis støtte deltakarane i å sjølve leve ut trua si.

Som nemnt tidlegare er dei ulike bibelversa og ressursane kunn ei hjelp om ein ynskjer ei retning for arbeidet med dei ulike temaa. Måla er breie og ein må gjerne spisse dei, ev. kutte ut noko om tida vert for knapp. Det er betre at deltakarane får med seg noko, enn at ein skal skunde seg gjennom måla.

Leir 1:

	Tema	Skildring/mål	Mogelege bibelvers/ressursar
Bolk 1	Kva er ein disippel?	Ein disippel er ein Jesu etterfylgjar, og dermed ein direkte konsekvens av å vera kristen. Dette året skal deltakarane få lære om kva etterfylgning vil seie for dei. Kva tyder det å vera ein disippel? Kva har disiplar tidlegare erfart? Korleis kan eit disippelliv sjå ut i dag? Sjå på viktigheita av fellesskap. Disippelfellesskapet.	Joh 1:35f Matt 4:18-25 Luk 8:1-3
Bolk 2	Evangelia	Skilnadar og likskapar mellom dei fire evangelia Kvifor kan me stole på dei? Sjå på korleis Jesus møter menneske, bli betre kjend med han ein ynskjer å etterlikne	Jesu vert døypt: Matt 3:13-17 Mark 1:9-11 Luk 3:21-22 Joh 1:32-34 Jesu verke: Luk 5:29-32 Joh 9:35-43 Luk 23:34

Bolk 3	Trushistorie - Workshop	Desse timane ynskjer me at deltakarane skal få ei forståing for kva ei trushistorie er, og få reflektere over si eiga trushistorie. Gjerne ha ei innleiing der ein seier kva ei trushistorie er og kan vera, og hjelp til korleis ein kan gå fram, før deltakarane sjølv får jobbe med og skrive si eiga trushistorie. Øv deltakarane i å setje ord på livet sine oppturar og nedturar og kor Gud er oppi alt. Me ynskjer å gje deltakarane hjelp til å setje ord på si eiga trushistorie. Det kan vera gjennom å skrive ned stikkord, teikne ein «graf», tankekart med ulike bobler til ulike fasar av livet eller skrive ned ord for ord det ein tenkjer på.	Salme 66, 16b Mogeleg inspirasjon: https://www.nlm.no/contentassets/d286f94efd1c4bc3a2532aadab87414f/ressurs-troshistorie.docx
Bolk 4	Trushistorie	Her deler ein ulike delar av trushistoria i små grupper. Gjerne separate gute- og jentegrupper. Førebu gjerne deltakarane på dette på førehand slik at dei får tenkt litt på kva dei vil sei. Om dei vil dele hele eller kunn delar av trushistoria si.	
Bolk 5	Dei vanskelege spørsmåla	Denne timen gjev ei innføring i trusforsvar og støtte i korleis å møte egne og andre sine vanskelege spørsmål. Gjerne gje rom for å snakke om spørsmål dei tykkjer er vanskelege. Kanskje dei kan få sende inn spørsmål i forkant av timen.	1.Pet 3, 15-16
Bolk 6	Åleinetid	Kristenlivet består fyrst og fremst av kvardagar, og denne timen skal deltakarane verta introdusert for vanar som kan vera med på å styrke kristenlivet. Jesus hadde sjølv behov for åleinetid. Del tankar om kvifor åleinetid er viktig og erfaringar rundt åleinetid i ein travel kvardag. Ikkje alt passar til alle, men snakk gjerne om bibelleseplanar, lovsong,	Matt 14:22-23, Mark 1:35, Luk 4:40-42, Luk 6:12 Ords 2:1-6 Ords 4:20-23 Sal 18:2-3 Mark 6, 31 https://www.foross.no/livet/8-tips-til-bibel-og-bonneliv Dele ut bibelleseplan

		faste bønepunkt, andaktsbøker og liknande.	
--	--	--	--

Leir 2:

	Tema	Skildring/mål	Mogelege bibelvers/ressursar
Bolk 1	Gudsbilete	Gud har mange namn og i denne timen ynskjer me å gjera deltakarane meir medvitne på kven Gud er (Heilag, allmechtig, underfull, rettferdig, skapar, Far osv.) Vårt gudsbilete vert påverka av fleire faktorar (t.d. sjølvbilete) som igjen kan få utslag i truslivet. Timen om gudsbilete skal gje relevant kunnskap om kven Gud er uavhengig av vår oppfatning, kjensleliv og tru. Reflektere rundt det at me er skapt i Guds bilete, ikkje motsett.	Jes 9:6 Joh 1:18 1.Kor 13:12 1.Mos 1:26-28 https://www.foross.no/livet/et-knust-gudsbilde
Bolk 2	Eg har lov til alt	Alle menneske syndar, og frelsa har ikkje gitt kristne ein fribillett til å gjera kva dei vil. Sjølv om kristen fridom gjev rom for ulike måtar å leve på skal ein fortsett etterstrebe å fylgje Guds lov. I timen vil me diskutere kristen fridom og tilgjeving, snakke om kva samfunnet forventar av oss kristne som me ikkje kan eller vil gjera, samt dele erfaringar/tankar rundt korleis deltakarane sjølv opplev dette i sine liv.	1.Kor 6:12 1.Kor 10:23-24, 32-33 Rom 6:1-11 1.Pet 2:16-17
Bolk 3	Den raude tråden	Heile skrifta er innanda av Gud og nyttig til lærdom, overtyding, rettleiing og oppseding i rettferd. Ofte kan det vera lett å ekskludere delar av skrifta som kan vera vanskeleg å forstå eller opplevast lite relevant. Men heile Skrifta er nyttig, og heng saman. I denne timen vil me ta opp den raude tråden i Bibelen, den gjennomgåande historia som	Skaping, syndefall, frelse, gjenoppretting Guds nærvær I hagen (1.Mos 3:8) I ørkenen (2.Mos 13:21-22) I paktkista, tabernakelet og tempelet (1.Kong 8:10-11, Esekiel 10:18, Esekiel 37:26-27)

		knyter heile Bibelen saman. Me vil knytte saman GT og NT og verta kjend med tekstar i GT som peiker fram mot Jesus.	I Jesus (Joh 1.14) I Den Heilage Ande (Joh 16:7-11, Joh 4:20-22). Offring og offerlam: 2.Mos 12:7 Jes 53 Joh 1:29 Messiasprofetiar: https://itro.no/tema/ti-tydelige-kristus-profetier-i-gt/
Bolk 4	Breva	I denne bolken ynskjer me at deltakarane kan få kjennskap til viktige tema som vert tatt opp i breva og korleis ein kan bruke breva som ei hjelp i livet som kristen. Kort innføring i forfattar, hovudtema og historisk plassering der det er relevant.	Heimen Ef 5:21-23 Kol 3:18-21 Det kristne livet Rom 12 Gal 5:22 Tilgjeving Filemon Ef 4:32 GT Hebr 11 Rom 15:4 Oppmuntring og formaning Op 2-3 Jesus Fil 2:5-11 Kol 1:15-20
Bolk 5	Nådegåver	Nådegåver er ein av fleire byggjesteinar i kristent arbeid. Men kva seier Bibelen eigentleg om nådegåver? Her vil deltakarane få ei innføring i ulike nådegåver og me vil snakke om kva det tyder å vera ein del av Kristi kropp. Skilnad på nådegåver og naturgåver Gjerne samtale med deltakarane om nådegåver og naturgåver.	1.Kor 12-14 Rom 12:4-5 Ef 4:15-16 Mange pleier å gjennomføre nådegåvetest, men for at dette skal vera eit nyttig verktøy burde ein ha hatt meir tid enn denne eine bolken.

Bolk 6	Bøn	Eit av verktøya Gud har gjeve oss for å vera nær han er bøn. I denne bolken vil me ta opp spørsmål som: Kva er bøn? Kvifor ber ein? Kvifor be når Gud veit alt? Me vil og vise til ulike typar og allereie formulerte bøner i t.d. salmane og sjå på «Vår Far». Vidare kan ein gjerne dele erfaringar rundt korleis ein kan be, bønep praksis og liknande.	Jak 4:8a, Fil 4:6-7, Sal 50:15, 1.Tim 2:1-4 Klagebøn Sal 3 Takkebøn Sal 8 Lovprisingssalme Sal 8 Sal 117 Kongesalme Sal 2 Sal 210 Visdomssalmer Sal 1 Lovsalmer Sal 119
-----------	-----	--	--

6.3 ungLeder

ungLeder er det tredje og siste året i ungDisippel, og byggjer vidare på fundamentet frå ungKonfirmant og identitets- og disippelreisa i ungEtterfølger. Der dei to fyrste trinna legg grunnlag for tru, etterfylging og personleg modning, har ungLeder som mål å utruste ungdommar til å bruke sine gåver i teneste, menighet, leirarbeid, lokalt arbeid og kvardagsliv. Hovudteamet for dette trinnet er: «Lei som Jesus, å vera ein leiar som sett Kristus i sentrum og mennesker i fokus».

I ei tid der unge møter høge forventningar, høgt tempo og mange stemmer som vil forme dei, ynskjer me å gje dei eit trygt rom for modning, refleksjon og praksis. Me vil hjelpe dei å oppdage at kristent leiarskap ikkje fyrst og fremst handlar om prestasjon, men om karakter, tenarsinn, og fellesskap, og om å fylgje Jesus i både små og store val.

Me vil gjerne samarbeide med dei lokale forsamlingane og laga deltakarane på ungLeder høyrer til, for å om mogeleg leggje til rette for praksis lokalt mellom leirane.

Opptak til ungLeder

For å delta på ungLeder ynskjer me at deltakarane:

§ Har eit ynskje om å vekse som leiar og bruke sine gåver i kristent arbeid.

§ Er motiverte for å lære, tene og vera aktive i misjons-, lags- eller leirarbeid.

§ Er i alderen 15–19 år.

§ Har gjennomført ungEtterfølger, slik at leiartreninga byggjer på eit etablert trus- og etterfylgingsgrunnlag.

Som nemnt tidlegare er dei ulike bibelversa og ressursane kunn ei hjelp om ein ynskjer ei retning for arbeidet med dei ulike temaa. Måla er breie og ein må gjerne spisse dei, ev. kutte ut noko om tida vert for knapp. Det er betre at deltakarane får med seg noko, enn at ein skal skunde seg gjennom måla. Bruk gjerne dei siste 10 min av siste bolc på begge leirane til å snakke om kva dei tek med seg vidare frå undervisninga.

Leir 1:

	Tema	Skildring	Nyttige bibelvers/ressursar
Bolk 1	Kristent leiarskap	I denne bolken vil me sjå på kva ein leiar er, og kvifor me treng det. Skal alle vera leiarar, og kva betyr det egentleg å vera leiar. Mange er leiarar sjølv om dei ikkje er klar over det. Me vil sjå på kva som skil kristent leiarskap frå annan type leiing, og spesielt då fokusere på Jesu kjærleik og kall som djupaste drivkraft, og bruke Jesus og andre i Bibelen som førebilete i korleis dei leia menneske. Det er og viktig å få fram kva mi rolle er, og kva Guds rolle er, utan Gud kan me ingenting gjera. Om ein har tid kan ein gjerne snakke litt med deltakarane om dei står i noko kristent arbeid i dag, og kva som ev. motiverer dei til å engasjere seg i kristent arbeid.	1.Tim 4:12: Lat ingen forakte deg fordi du er ung Joh 3:30: Han skal vekse, eg skal avta 1.Kor 3:5-7 Gud gjev vekst Nehemja- tenande leiarskap: Foross Historien om en god leder Jesus som førebilete: Joh 13:12-17: Han er vårt førebilete Mark 10:49-52: Stanser for den enkelte, spør kva han ynskjer. Mark 3:14: Utruster andre Matt 22:37-38: Tydeleg på kva som er viktigast
Bolk 2	Personlegheitstypar	Denne bolken blir ein kombinasjon av undervisning, samtale og personlegdomstest. Me startar med å sjå på det faktum at måten ein er skrudd saman på som menneske påverkar korleis ein leier, samarbeider og kommuniserer. Deretter samtalar me om og ser på litt ulike personlegdomstypar.	Sal 139:13-17: Mennesket sin verdi Rom 12:4-8: Ulike oppgåver 1.Kor 12:12-27 Mange lemmer Personar i Bibelen:

		I kristen samanheng er det og relevant å trekke inn Andens frukter og den Heilage Ande sitt virke når ein snakkar om personlegdomstypar Etterkvart får deltakarane mogelegheit til å gjennomføre ein personlegdomstest (16personalities). Det er viktig å understreke at testen har sine avgrensingar og ikkje definerer kven ein er. Men den kan likevel gje nyttig innsikt og språk for å forstå oss sjølv og andre litt betre. - Gje deltakarane god tid på å gjennomføre og lese gjennom eigen profil. Legg deretter opp til samtale i grupper eller plenum. Kva stemte godt, kva var overraskande, kva betyr dette for korleis du jobbar i team og som kristen leiar osv. - Ev. gje dei case - Eigne styrkar og veikskapar Avslutt gjerne bolken med å seie noko om viktigheita av å/korleis å møte kvarandre med forståing og respekt, og korleis ulikskapar kan vera ein styrke i kristent arbeid. Dette knytter bolken fint saman med neste bolk. Mange lemmer-ein kropp, ulike tenester-same Herre.	- Moses og Aron: 2.Mos 4:10-14 - Martha og Maria: Luk 10:38-42
Bolk 3	Teamarbeid og teamkultur	I denne bolken ser ein på teamarbeid i teamkultur. Ein har ulike roller/gåver, men står i teneste saman, er lemmer på same kropp. Teamarbeid handlar ikkje berre om effektivitet, men om å skape rom for kvar enkelt til å bidra og vekse. Kva kjenneteiknar gode team og korleis kan ein bidra til ein sunn teamkultur. Me ser på bibelske førebilete for samarbeid og leiarskap. Snakk om tjenstedeling. Hva sier Bibelen og korleis praktiserer Misjonssambandet dette? Kan gjerne nevne at også innad i NLM er det lokale forskjeller.	1.Kor 12:12-27/ Rom 12:4-8: Mange lemmer Fil 2:2-4: Kva gagnar dei andre Apg 6:1-7: Delegering og samarbeid Mark 6:7: Gå to og to 1.Tim 2, 11-15, 1.Tim 3, 1-: Tenestedeling Sammen i tjeneste:

			sammen-i-tjeneste-nlm-vedtatt-i-hs-6-sept.pdf
Bolk 4	Konflikt-handtering	I alle samanhengar, arbeid, team osv. vil det oppstå konflikt. I denne bolken snakkar me om kva konflikt er, korleis det oppstår og korleis me kan møte konflikt på ein bibelsk og konstruktiv måte. Her kan ein skilje mellom konflikt knytt til praktiske ting, og konflikt av meir teologisk karakter. Bruk gjerne litt tid på begge deler. Ta gjerne i bruk konkrete caser dei kan diskutere ei grupper.	Ef 4:25-32: Gjer/sei det som er godt og bygger opp Matt 18:15-17: Om å ta opp konflikt på ein god måte Ef 4:2-3: Vær ydmyke, milde og tålmodige Kol 3:12-14: Kle dykk i kjærleik Rom 12:18-21: Hald fred Ords. 15:1: Mildt svar demper sinne
Bolk 5	Misjons-sambandet	I denne bolken bruker me tid på Misjonssambandet si historie. Målet er å vise at ein er ein del av noko større. Korleis misjonsskallet forma historie, korleis enkeltpersonar har vore villige til å gå. Me ynskjer å gje deltakarane ei forståing av røtene dei står i og korleis dei sjølv kan vera ein del av denne historia vidare.	Jes 6:8: Her er eg, send meg Matt 28: 18-20: Misjonsbefalinga Heb 12:1-2: Sky av vitner Rom 10:13-15: Korleis kan dei høyre om ingen forkynner
Bolk 6	Kristent arbeid i praksis	I denne bolken ser me på kristent arbeid i praksis. Korleis kan ein organisere kristent arbeid. Kva strategiar tek ein bruk i dag? Me ser og på det å vera leiar i ulike settingar; på leir, barnelag, lovsangsteam, ulike arrangement, misjon i utland++. Har nokon erfaring frå ein type arbeid? Grensesetting/bærekraft, kommunikasjon, tryggleik, kreativitet er relevante stikkord å ta opp	1.Tim 4:12: Vær eit førebilete i ord og gjerning 1.Tim 2: 1: Bøn framfor alt Jak 5:16: Bøn har stor kraft og verknad

		Bøn er viktig i alt arbeid ein driv! Siste 10 min: Kva tek deltakarane med seg vidare frå leiren.	
--	--	---	--

Leir 2:

	Tema	Skildring	Nyttige bibelvers/ressursar
Bolk 1	Formidling	I denne bolken snakkar med litt om kva ein andakt er, kva er eit vitnesbyrd. Me ynskjer å gje deltakarane tryggleik i å formidle Guds ord og eiga tru på ein enkel, tydeleg og ekte måte. Me ynskjer å utruste deltakarane med grunnleggjande verktøy for å lage ein kort andakt eller dele eit personleg vitnesbyrd. Me brukar og litt tid på målgrupper, kva kan vera lurt å tenke på når ein formidlar til ulike grupper. Viktig å få fram at målet er å peike på Jesus, ikkje å imponere. Ei andakt/eit vitnesbyrd er noko som spring ut av eit liv nær Jesus, ikkje av prestasjon. Gud bruker og ulike personlegheiter og uttrykk for å nå menneske gjennom oss.	2.Tim 3:16-17: Skrifta som grunnlag for forkynning Kol 3:16: La Kristi ord bu rikeleg mellom dykk Apg 4:20: «Me kan ikkje la vera å tala...» Ef 6:19: Bøn for det ein skal legge fram
Bolk 2	Skrive andakt/vitnesbyrd	I denne bolken får deltakarane sjølve sette seg ned og skrive ein andakt eller eit vitnesbyrd. Dei vel sjølve kva og korleis. Leiar rettleier undervegs, og kan gjerne hjelpe med å avgrense tema, eller å finne eit hovudpoeng. Gjerne skriv opp nokon spørsmål på tavle/PP som kan hjelpe dei i gang med tema/retning.	
Bolk 3	«Framføre» andakt/vitnesbyrd	I denne bolken får deltakarane framføre det dei jobba med førre time. Målet er å gje praktisk trening i formidling, styrke tryggleik framfor andre og øve på å dele tru på ein roleg, naturleg og respektfull måte.	

		Her kan ein snakke med deltakarane om dei vil gjera dette i plenum eller om ein skal gjera det i mindre grupper. Dersom ein skal vera i mindre grupper er det fint om ein kan vera ein leiar på kvar gruppe som kan ta litt styring og hjelpe på at det forhåpentlegvis vert ei positiv oppleving.	
Bolk 4	Førebu kveldsmøte/aktivitet	I denne bolken planlegg deltakarane saman med leiarar kveldsmøtet og aktivitet. Målet er at deltakarane skal få ansvar, eigarskap og innsikt i korleis kristent arbeid vert utført, både gjennom planlegging og gjennomføring av aktivitet og møte. Dei får øvd seg i oppgåver som lovsong, møteleiing, opning, bønnevandring, planlegging og gjennomføring av aktivitet, samt praktisk koordinering. Casen skal hjelpe deltakarane til å erfare kristent leiarskap i praksis, tene fellesskapet, samarbeide godt, bruke eigne gåver og skape trygge rammer for andre. - Det er ikkje tenkt at deltakarane sjølve skal halde andakten eller vera forbedarar, men kan gjerne vera ansvarlege for kontakten med leiarane som skal gjera dette. Gje deltakarane ei tydeleg ramme: - Kva skal møtet innehalde, kva oppgåver må fordelast? - La deltakarane sjølve ta ansvar for planlegging, men rettlei dei i samarbeid, delegering, flyt og tidsbruk++ - Ver tilgjengeleg for spørsmål, men la ungdommane eige prosessen.	1.Pet 4:10-11: Ten kvarandre med dei gåver de har fått til Guds ære Rom 12:4-8: Mange roller, ein fellesskap
Bolk 5	Førebilete, makt og tillit	I denne bolken snakkar me om kva det vil seie å vera eit førebilete som kristen leiar. Når er ein eigentleg leiar? Er det berre når ein har ei oppgåve, eller og i kvardagen?	1.Tim 4:12: Vær eit førebilete i ord og gjerning Luk 22:24-27:

		Korleis forhold ein seg til tilliten og makta som fylgjer med ei kva som helst leiarrolle? Bibel, bøn og kvile, karakter og integritet: kven er eg når ingen ser meg? Målet er å hjelpe deltakarane til å forstå at leiarskap handlar om integritet og ansvar, ikkje berre i det ein gjer, men og i kven ein er. Me ser på korleis Bibelen lyfter fram leiarar som tener i audmjukskap og kjærleik, og korleis makt kan brukast til å byggje opp, men og misbruke og skade. Som leiar er det mange ting å tenke på og vera eit førebilete i. Aktuelle tema å ta opp kan vera dobbeltliv, uansvarleg leiarskap, identitet før oppgåve, born før tenar. Varslingsrutiner, meldeplikt osv. kan og vera fint å nemne.	Den største er den som tener Fil 2:3-8: Jesus som førebilete Neh 5:14-19: Ansvarleg leiarskap.
Bolk 6	Utsending	I denne siste bolken til ungLeder snakkar me litt om kall. Det generelle og ev. «spesielle/personlige» kall og utrusting til ulike tenester. Viktig å snakke om på ein slik måte at det ikkje oppleves som noko ein må prestere overfor Gud, men heller eit resultat av det å leve nær han. Kva tek deltakarane med seg frå åra på ungDisippel, særskild ungLeder? Me ynskjer å avslutte bolken og året med å be for deltakarane, velsigne dei inn i livet etter ungDisippel. Dette er ikkje ei avslutning av tydinga utlært, men heller ein start/fortsetjing på livet som kristen leiar og etterfylgjar. Struktur på utsendinge: - Lese ein kort bibeltekst - Felles bøn om utsending - Individuell forbøn med håndspåleggelse (spør) - Velsigninga til slutt.	Matt 28:18-20: Misjonsbefalinga: Alle kristne sitt kall 1.Pet 2:9-10: Identitet og kall Ef 2:10: Ferdiglagte gjerningar Rom 12:1-8: Kall, teneste og å leve som levande offer 2.Tim 1:6-9: Tenn på ny den nådegåva du har fått Jer 29:11-13: Gud har ein plan, søk han så skal de finne.

7 Kursbevis og vurdering:

For å fullføre kurset må deltakaren ha delteke på begge leirane i regi av ungDisippel. Dersom det skulle oppstå uføresette hendingar som gjer at dette ikkje er mogeleg, ta kontakt med Ungleiar.

Etter fullført kurs vil deltakaren få eit diplom som bevis på fullført år på ungDisippel. Det vil innehalde:

- Kva trinn deltakaren har fullført
- Kva tema deltakaren har vore gjennom
- Totalt tal på undervisningstimar
- Signatur frå Ungleiar og trinnleiar frå trinnet deltakaren har delteke på.

8 Årshjul

Med atterhald om endringar

Når:	Kva:
Mai	Opne påmelding
	Oppdatere nettsider
	Sende ut informasjon til ungdomslag og forsamlingar
	Sommaravslutning og evaluering for leiarar
	Promotere
	Gjera opp status for leiarar for neste år, ev. rekruttere nye
Juni	Gjera klar undervisningsplanar
	Promotere på Opptur på Val
Juli	Ferie
August	Informasjon ut til misjonsforsamlingar
	Samle leiarar for fellesleiarssamling
	Innhente politiattestar på leiarar, og informere om retningslinjer for seksuelle krenkelsar og mobbing
	Aktiv rekruttering av deltakarar
September	Samling med leiarane på kvart trinn
Oktober	Sende ut informasjon til deltakarar og foreldre tre veker før leir
	Leir 1
November	Legge ut oppdatering om fyrste samling på nettsida
	Evaluering og vidare plan
Desember	
Januar	Booke leirstader og setje datoar for neste skuleår
Februar	
Mars	Samling med leiarane på kvart trinn
April	Leir 2
	Evaluering og vidare plan

9 Program

Under fylgjer eit tentativt program for ungDisippel sine leirar

Fredag:

18:00- Innkvartering
19:00- Kveldsmat
19:45- Kick-off
20:15- Bli kjent/sosialt
21:30- Samling i trinna
22:15- Kveldssamling
23:00- Ro

Laurdag:

08:30- Frukost
09:15- Åleinetid
09:45- Smågrupper
10:15- Undervisning m/ pausar
12:00- Lunsj
12:45- Undervisning med pausar
15:00- Aktivitetar
16:30- Middag
17:15- Fritid
19:00- Kveldsmøte
20:30- Kveldsmat
21:30- Happening/sosialt
00:00- Ro

Sundag:

08:30- Frukost
09:15- Åleinetid
09:45- Smågrupper
10:15- Rydding og pakking
11:00- Undervisning m/ pausar
13:00- Varm lunsj/Middag
14:00- Avreise

10 Til slutt

ungDisippel er eit konsept me verkeleg har trua for og som gjev ein god innføring i sentrale delar av Bibelen og det kristne livet. Gjennomføringa av desse leirane hadde ikkje vore mogeleg dersom me ikkje hadde folk til å stille opp. Så til deg som har lest så langt vil me rette ein stor takk. Takk for at du som tilsett eller frivillig leiar stiller opp og gjer dette mogeleg. Takk for at du som forelder eller føresett sender borna på leir. Takk for at du som ber legg arrangementa, leiarane og deltakarane fram for Gud i bøn. Takk for at du som deltakar kjem på leir. Takk for at du som har positive eller mindre positive tilbakemeldingar formidlar dei vidare til Ungleiar (istraumstein@nlm.no) eller ein av dei andre leiarane på leir. Og sist, men absolutt ikkje minst, takk til han som er motivasjonen og grunnsteinen for det heile: GUD!

11 Vedlegg

1 Leiarrekrutteringsbrev

ungDisippel er ei treårig ungdomssatsing i Misjonssambandet. Opplegget inneber eit konfirmasjonsår, eit disippeltreningsår og eit utadretta leiartreningsår.

- **ungKonfirmant:** Konfirmantåret er eit komplett konfirmasjonsår som kan vera supplerande eller fullverdig.
- **ungEtterfølger:** Eit disippeltreningsår med fokus på å leva nært Jesus i kvardagen.
- **ungLeder:** Tredje året er eit reint leiartreningsår, der ungdom får praktisk opplæring og utrusting til å bli leiarar som kan nå fleire med evangeliet.

Grunnen til at du får denne førespurnaden, er at me trur du kan bidra på ein viktig måte- og me ynskjer deg med på laget!

Me søker leiarar som:

- Har eit hjarte for ungdom og ynskjer å fylgje dei tett, gjerne over fleire år
- Er Kristus-fokuserte og vil vera gode førebilete
- Ynskjer å bety noko for ei mindre gruppe ungdommar gjennom relasjon, undervisning og fellesskap.

Som leiar på ungDisippel får du vera med på å utruste ungdommar, peike på Jesus og vandre i tru saman med dei.

Som ein del av leiarteamet får du bidra med å:

- Planleggje og undervise leksjonar
- Vera veileidar og smågruppeleiar
- Evaluere og utvikle ungDisippel vidare

Me ynskjer at alle leiarane så vidt det er mogeleg er med på begge helgene i løpet av skuleåret.

Dersom du har mogelegheit sett me og stor pris på om du kan vera med fleire år på rad. Kontinuitet i leiargjengen er avgjerande både for deltakarane og leiarfellesskapet.

Bli med!

Me håpar du har lyst å bli med i leiarteamet for ungDisippel og vera med på å gjera ein forskjell i unge menneske sitt liv – og i Guds rike.

2 Deltakarevaluering

Evalueringa vert gjennomført sundag i ein av dei siste timane på trinna. Det er trinnleiar som har ansvar for å gjennomføre evalueringa. Om den vert gjort i plenum, grupper eller kvar for seg er opp til trinnleiar å vurdere.

Moment som bør vera med i evalueringa.

Tema:	Notat:
Informasjon: - Fått nødvendig informasjon for og under leiren? - Veit dei kven dei skal forhalda seg til?	
Undervisninga: - Spanande/relevant undervisning? - Kva var bra, kvifor bra? - Kva var dårleg, kvifor dårleg? - Undervisningsform og formidling? - Undervisningsmengd?	
Leiarane: - Korleis var leiarane? - Nok leiarar? - Hadde leiarane tid til deltakarane?	
Hendingar i løpet av helga: - Måltid, soveplass, korleis var det? - Smågrupper? Bibelleseplanen? - Fredagskveld, laurdagskveld? - Kiosk og fritid? - Møter og andaktar?	
Sosialt: - Har det skjedd noko spesielt? - Nokon nye vener/uvener? - Var det kjekke og relevante aktivitetar/happeningar?	

3 Leiarevaluering

I forkant av samlinga	
Førebuing innad i teamet	
Informasjonsflyt til leiarar og deltakarar	
Under samlinga	
Samlingsstad	
Reise	
Mat	
Samarbeid mellom leiarar	
Arbeidsfordeling	
Program	
Smågruppesamlingar	
Undervisning og undervisningsmengd	
Sosiale møtepunkt	
Anna	
I etterkant av samlinga	
Kva burde ein ta tak i til neste samling?	